

Byggmester Romarheim As  
Torbjørn Romarheim  
Kolåsvegen 122  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1271 - 22/9696

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
13.12.2022

## Løyve til tiltak for bygging av fritidsbustad på gnr 157/121 - Bergsvik

**Administrativt vedtak. Saknr: 133/22**

Vi syner til søknad motteke 12.12.2022

### Vedtak

**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til grunnarbeid på hyttetomt i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommunepalanen sine føresegner og reguleringsplan for området.
2. Avkjøringa vert godkjent plassert som vist på situasjonskart og skal arbeidast opp slik at den etter dagens vognormalar vert mest mogleg trafikksikker.

### Saksutgreiing:

### Tiltak

Søknaden gjeld oppføring av hytte med bruksareal (NS 3940) opplyst til å vere på ca. 106 m<sup>2</sup>.



Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM  
austrheim.kommune.no



56 16 20 00  
post@austrheim.kommune.no




Føretaksreg.: 948350823  
Bankkonto: 1594.11.80407

## Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga.

## Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for området er definert som hytteområde. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen for området. Planendring for Reguleringsplan hyttefelt H06 – Bergsvik med PlanID: 12642006003 vart godkjent i kommunestyret den 20.03.2013. Det har vore ein mindre planendring seinare her som gjeld avkøyring, mindre boder, takvinkel på nokre hytter og mønehøgde. Formannskapet godkjente denne mindre planendringa for Detaljregulering for Hyttefelt H06 Bergsvik, planid. 2006003 den 06.05.2021. Sjå raud pil på plankartet til høgre for avkøyring til hytte A1.



## Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Kommunen finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland.

## Situasjonsplan og terregnoprofilar

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting. Situasjonsplanen viser terregnendringar som følgje av det nye tiltaket. Tilkomst/avkøyring til det nye tiltaket.

Det er søkt om topp grunnmur på kote ca. + 25,6 m og mønehøgde på kote + 30 m.

## Teikningar

Det ligg føre målsette planteikningar for alle plan, målsett snitteikning samt fasadeteikningar.

## Tilknyting

Tiltaket skal knytast til offentleg vatn og offentleg kloakk, eigen søknad må koma inn på tilknytinga her, gjerne i samband med neste byggesøknad her då VA og tømmerarbeid med meir er tema.

## Visuelle kvalitatar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehalar gode visuelle kvalitatar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## Konklusjon:

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til grunnarbeid på hyttetomt som omsøkt.

### Gjennomføringsplan

Ansvarlig søker Byggmester Romarheim AS					Organisasjonsnummer 819392382	Tiltaksklasse 1	Dato: 10.12.2022	Signatur, ansv. søker <i>Torbjørn Romarheim</i>		
Eiendom/ byggested	Grn. 157	Bnr. 121	Festamt.	Seksj.nr. A1	Bygn.nr. Austheim	Kommune Austheim	Adresse Bergsvik	Postnr. 5943	Poststed AUSTRHEIM	
Beskrivelse av funksjon, ansvarsområde, tiltaksklasse					Foretakets navn og org.nr.		Kryss for planlagt samverkerklæring / kontrollerklæring erstattes med dato når denne foreligger			
Funksjon (PRO, UTF, KONTROLL)	Beskrivelse av ansvarsområdet heretter fra erklæring om ansvarsrett			Tiltaks- klasse			Søknad om rammetilatelse	Søknad om igangsettelses- tilatelsetett- tørnseknad	Søknad om midlertidig brukstilatelse	Søknad om ferdigattest
(1) SØK	(2) Søkerfunksjonen			(3) 1	(4) Byggmester Romarheim AS 819 392 382		(5)	(6)	(7)	(8) X
PRO	Grunnarbeider inkl. innmåling og utstikking av tiltak.			1	(4) Odd Haugen Maskinstasjon AS 953 498 685			X		
UTF	Grunnarbeider inkl. innmåling og utstikking av tiltak.			1	(4) Odd Haugen Maskinstasjon AS 953 498 685				X	

Det må koma inn vanleg byggjesøknad på det andre bygningsarbeidet når søker er klar til det.

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2017 (SAK10) kapittel 10.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon skal sendast inn saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Ved evt. avvik skal det søkjast om endring av løyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søker skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føreseggnene føre planane.

### **Lukke til med arbeidet!**

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

#### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæsst.*

#### **Kopi til:**

Alf Kvant

#### **Mottakere:**

**Mottakere:**

Byggmester Romarheim As

Kolåsvegen 122

5955

LINDÅS